

Plass til fleire i julemarknaden

20.11.2009



Julegrana er tent - i 2005. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er framleis plass til fleire under julemarknaden som avviklast i samband med julegrantenninga fredag 4. desember, opplyser Anita Ænes i Aktivitetshusets Damevenner. Dei iherdige damene har allereie halde dugnad og produsert fine juleting og dei skal også halda bakedugnad når det nærmar seg tenningsdagen.



Børsdalsnissen kjem også i år! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er musikklaget som i alle år har hatt ansvaret for den rundt rekna 100 år gamle julegrana og som spelar også ved denne tenninga.

Grana er tydelegvis framleis i fin form sjølv om det sist sommar vart starta arbeid for å finna ei ny gran til bruk

når det vert aktuelt. Den operasjonen vart ikkje vellukka. Den nye, som var henta frå eit plantefelt oppe i dalen, turka inn etter stutt tid og diskusjonen gjekk høgt om grunnen utan at vi skal meina noko om den saka.

Bjørggulv Eik, som også var på plass under den første tenninga i 1963, seier til uskedalen.no at det truleg vil bli satsa på ein planteskule under det neste forsøket til sommaren.

Programmet for tenninga er klart og som tidlegare blir det livleg rundt 'Gamleskuleplassen'. Det blir grautservering i Vonheim og kake-kafe i Gamleskulen og sal av mjelkekaker, potetkaker og lefser.

Klokka 18.30 er det annonsert gang rundt grana og det kan bli ein spanande operasjon. Også i år har Børsdalsnissen annonsert at han kjem og det er imponerande så gamal og giktbroten han må ha vorte etterkvart.

Av Ola Matti Mathisen



Dugnad på skulekjøkenet. Frå venstre Åse Myklebust, Ann Kristin Musland, Randi Nybakk og Janne Hjelmeland. (Foto: Ola Matti Mathisen)